



alle føresette

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/620 - 17/7125

Saksbehandlar:
Kristin Smith
kristin.smith@radoy.kommune.no

Dato:
01.06.2017

Invitasjon til sommarfest

Sommaren nærmar seg, og tradisjonen tru skal barnehagen feira starten på sommaren med ein sommarfest med born og foreldre.

Barnehagen har etter kvart vorte ei stor eining på tre ulike bygg, med pr. i dag, 9 avdelingar. Dette har gjort at me har valt å ha sommar festane på separate dagar for dei ulike bygga. Datoane som er satt opp er som følgjer:

- Hovudbygget; torsdag 15. juni
- Solhall, Solsikke og Solstrålen; torsdag 22. juni
- Dale; fredag 23. juni

Oppstart for festen er kl. 14.30, og varer fram til 16.00. I utgangspunktet er det tenkt ein felles fest på uteplassen, men all erfaring tilseier at været kan påverka den tanken, og då vil kvar avdeling trekka inn.

Det vert servert hot-dog, saft og kaffi / te, samt kaker. Nokon avdelingar vil bake kakene sjølv, medan andre kjem til å ta kontakt med ulike heimar for å høre om nokon vil bidra på den fronten. Av underhaldning vil borna / avdelingane stilla med eit opplegg etter eigne evner og kva dei føler for. Målet med festen er ei markering på eit avsluttande barnehage år, starten på ein strålende sommar i kjekt samvære med kvarandre.

Med helsing

Kristin Smith

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
alle føresette